



Tormod Myklebust kan ynske velkommen til misjonsveke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Frå 14. til 18. november inviterer Misjonssambandet oss til møte-/misjonsveke i Bedehuset, fortel Tormod Myklebust og held fram:.

- Det er Jenny Nygård Løvås som kjem til oss. Ho er frå Rogaland og er ei allsidig og sprudlande dame. Ho både talar, trakterer trekkspilet og syng!

Vi som steller til dette lokalt ynskjer at mange tek turen til Bedehuset på møta, som blir halde på kveldstid frå onsdag til laurdag og også sundag føremiddag, seier Myklebust.